

# 2019

## Årsrapport for Sirdal sokneråd



Vedteke i sin heilhet 20. mai 2020

# 1. Organisasjon

## A. Soknerådet si verksemد

### Samansetning fram til 31. oktober

Aud Ingrid Fidjeland – leiar  
Gunnlaug Seland – nestleiar  
Tor Arne Liland  
Ingunn Berstad Tonstad  
Hanne Birgitte Fodstad  
May Bente Øksendal Ousdal  
Rolf Petter Eriksen - sokneprest

Egil Netland, kommunen  
1. vara: Einar Samslått  
3.vara: Mari Halvorsen  
4.vara: Turid Skregelid  
5.vara: Erling Skaar

### Samansetning etter 1. november:

Gunnlaug Seland – leiar  
Hanne Fodstad – nestleiar  
Ingunn Tonstad  
Are Yngvar Myhra  
Siri Elisabeth Skagestad  
Trine Røsstad Ousdal  
Rolf P. Eriksen – sokneprest

Rolf M. Hompland – kommunen  
1.vara Gunn-Siri Ousdal  
2.vara Sissel Agathe Bø  
3.vara Tone Marit Bjørnestad  
4.vara Kenneth Omlie  
5.vara Kathrine Berge Seland

### Saker

Soknerådet har i 2019 hatt 7 møter og handsama 42 saker. Møta har vore på Kyrkjesenteret, i Kvævemoen kapell, Kyrkjestova og Tonstadli. 23 saker har vore fellesrådssaker.

Soknerådet har oppnemt nye medlemmer til utval og komitear for den komande fireårsperiode.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med i året som har gått har vore mellom anna førebuing og gjennomføring av val til nytt sokneråd, arbeid med finansiering av nye kontorlokale, vedlikehald av kyrkjene: Termografering og påfølgjande

reparasjonar, takettersyn/reparasjon på Haughom kapell/tilbygg, nytt opplegg for vatn og avløp med ny innreiing i sakristi i Tonstad kyrkje, nødvendig installasjon av HC tilgang med automatiske dørropnarar for tre av fire kyrkjer/kapell og toalettbygg, samt utskifting av dårlege dører. Utbetringer av inngangsparti på Lunde kyrkje vil skje i 2020 (sluttføring av prosjekt HC tilgangar).

### Medlemmer av utval/komitear har vore:

**Kyrkjeleg administrasjonsutval**  
Aud Ingrid Fidjeland  
Hanne Fodstad  
Tor Arne Liland  
Kjetil Øygard Eidevik,  
arbeidstakarrepresentant

### Forhandlingsutval:

Gunnlaug Seland  
May Bente Øksendal Ousdal  
Yngve Bjørn Søyland

### Gudstenesteutval

Anne Turid Solberg Garnica  
Siv Olaug Lindeland Tonstad  
Gunnlaug Seland  
May Bente Øksendal Ousdal  
Hanne Birgitte Fodstad  
Kjetil Øygard Eidevik  
Rolf Eriksen

### Undervisnings- og konfirmantutval

Åslaug Karin Fidjeland  
Laila Øksendal  
Grete Hegre  
Arnhild Bjørndal  
Inger Solveig Høyland

### Diakoniutval

Aud Ingrid Fidjeland  
Tor Arne Liland  
Erling Skaar  
Ingunn Berstad Tonstad  
Asta Lunde

### Arbeidsgruppe for Grøn kyrkjelyd

May Bente Øksendal Ousdal  
Sven Sandvik  
Yngve Bjørn Søyland

### KNkomité

Sven-Egil Testad  
Inger Solveig Høyland

### Kirkens SOS kontakt

Kent Seland

### Syskenringen (frå kyrkjelyden)

Rolf Eriksen  
Einar Samslått

### Misjonsutval

Aud Ingrid Fidjeland  
Sissel Agathe Bø  
Yngve Bjørn Søyland

### Redaksjonskomité Kyrkje og Kultur

Sven Egil Testad  
Lars Audun Fodstad  
Yngve Bjørn Søyland

### Kulturutval

Magnar Undheim  
Astrid Tjørhom  
Brynhild Berg  
Ragnhild Barbro Josdal  
Hanne Fodstad  
Kjetil Øygard Eidevik

### Hausstakkefest Kvæven

Jenny Kristin Fidjeland  
Asta Lunde  
Anna Kvæven  
Ester Tjørhom

### Komit  for julefest Kv ven

Bj rg Hilde Fidjeland  
Grete Hegre  
Anders Tj rh m  
Kjetil Øygard Eidevik  
Rolf Eriksen

**Nye utval/komite ar trer i aksjon fr   januar 2020.**

## 2. Personal

Mål for 2019:

- Arbeide for god rekruttering til stillingar i kyrkja lokalt.

Totalt har soknerådet 4,14 årsverk som er fordelt slik:

100 % Kyrkjeverje

100 % Organist

110 % Kyrkjelydsarbeidar


57 % Kyrkjetenar

37 % Reinhaldar

Det meste av dette er finansiert av Sirdal kommune, men noko kjem også i form av eit kronebeløp frå Kyrkjerådet og bispedømmerådet (trusopplæring). Organiststillinga har vore noko redusert også i 2019 (90%). I tillegg betaler soknerådet på ein kordirigentstilling (17,5%) kor tilsettingsforholdet er i Eining for kultur (kommunen). Andre halvår har vi ikkje hatt ein kyrkjelydsarbeidar i 50% på grunn av permisjon, men i 2020 begynner ein vikar.

I 2019 har det vore nokre utskiftingar. Stillinga som kyrkjetenar i Haughom kapell har vore vakant i 2019. Tenesta har blitt løyst ved bruk av timevikarar, men det var ein søkjær til stillinga før nyttår, og ein håpar på tilsetting på nyåret. Sirdal Soul Children blei lagt ned då en av dei tilsette slutta. Det var ikkje grunnlag for å fortsetje. Stillinga har vore finansiert med eigne midlar. Det har vore lite sjukmeldingar i staben, med unntak av ei lengre sjukmelding. I samband med ulike vikarbehov som har dukka opp i løpet av året, har både staben, tidlegare tilsette og frivillige også dette året gjort ein flott jobb for å halde ting i gang.

Ein av trusopplærarane gjekk ut i permisjon skuleåret 2019/2020. Heldigvis fekk me ein vikar tilsett frå januar 2020. Det ble starta ei forsøksordning med kontorplass for kyrkjeverja på Kvæven i mai 2018. Dette er eit positivt tilbod til innbyggjarane i Øvre Sirdal. Det gir også moglegheit til å følgje opp prosjekt på Kævemoen kapell. Forsøksordninga har blitt evaluert og det er bestemt at ordninga blir fast.



### **3. Verksemda – bygg, administrasjon og anlegg**

#### **A. Kyrkjene**

Mål:

- Gjennomført termografering i alle kyrkjene.
- Påbegynt nødvendig vedlikehald av det elektriske anlegget.
- HC tilgang, automatiske dørropnarar for alle kyrkjer/tilbygg. Påbegynt.
- Oppgradert sakristi Tonstad kyrkje.

Det pågående vedlikehaldsarbeidet på kyrkjene har halde fram i 2019. Det har vore utført vedlikehaldsarbeid på dei elektriske anlegga i kyrkjene og dei nye varmestyringsanlegga, meir enn det som var planlagt.

Vatningsanlegg på gravplassane på Kvæven og Haughom er flytta ut i tid.

Det har ikkje lykkast å få kommunen med på nødvendig finansiering av nytt kyrkjesenter i løpet av 2019. Dette blir fortsatt ei viktig prioritering framover. Vidare ENØK-tiltak er sett noko ut i tid.

#### **B. Gravplassane**

Mål :

- Leggje til rette for at gravplassane er gode stader å vere for sørgrjande og andre som ferdast der

Det gode samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av gravplassane held fram. Ivar Skreå har ansvaret. Frå vår ståstad er gjeldande ordning svært god, og vi meiner den nytta både maskin- og personal-ressursane på ein god måte.

ASVO har også i år hatt ansvar for stell av legatgravene ved Skeihaugen, Lunde og Haughom kyrkjegard.

Jofrid Sinnes har i år stelt ei grav ved Kvævemoen kyrkjegard. Dette er ordningar som fungerer svært fint, og som vi er glade for.

Dei fleste gravstelltalane er basert på fond, mens nokre betaler inn gravstellet etter årleg faktura.

### **4. Verksemda – kyrkjelyd**

Statistikk	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Gudstenester o.l.	71	72	74	74	74	74
Deltakarar	4627	4522	4986	4570	4256	4061
Snitt pr gudsteneste	65,2	62,8	67,5	61,8	57,5	55
Dåp	16	19	15	14	15	14
Konfirmantar	23	17	27	19	14	20
Vigslar	8	5	1	6	2	4
Gravferder	11	16	14	14	18	10
Konsertar/musikkandaktar	11	8	8	10	8	6
Deltakarar	670	666	377	682	620	385

#### **A.Gudstenesteliv**

Gudstenesteutvalet, soknerådet og staben har også i 2019 arbeidd med å få til ulike typar gudstenester, både i kyrkjene og i friluft.

Talet på gudstenestedeltakarar gjekk noko ned i 2019, samanlikna med 2018, sjølv om det var eit større konfirmantkull enn i 2018. Elles kan fleire tilfeldigheiter inntrefje samtidig. Det er ikkje sjølv sagt at folk prioritærer gudstenesta på søndagar, og gudstenestarbeidet må difor ha stort fokus framover. Det er likevel veldig positivt at så mange oppsøker julafoten- gudstenesta i Kvævemoen kapell. Det er mellom 340-350 kvart år. Tilbakemeldingane er at det er fleire som ønskjer å koma, men som ikkje kjem fordi det er overfylt. Soknerådet har diskutert fleire tiltak for å imøtekoma innbyggjarar og hyttefolk.





I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det i 2019 vore arrangert mellom anna:

**Årsfest** og årsmøte i Kvævemoen kapell etter gudstenesta sundag 10.mars. Først var det gudsteneste, der Sirdal Soul Children song. Deretter var det mat og kyrkjekaffi i kjellaren. Årsmøtet vart etter maten i kyrkjesalen, og der song Sirdal Blandakor.

Parallelt med årsmøtet var det eit særdeles bra opplegg for born i kjellaren, som Inger Solveig som Høyland hadde ansvaret for. Takk til alle involverte. **Friluftsgudsteneste** på Kvinen Turiststasjon Olsok 28. juli. Hytta var ny. Gudstenesta vart halde ute og på trappa der det var godt å sitja. Gudstenesta på Kvinen langfredag gjekk som planlagt. Det var mykje folk og fint ver på begge gudstenestene.

**Friluftsgudstenester** på Lindeland camping 30. mai Kristi Himmelfartsdag og Liland leirstad 10. juni 2.pinsedag. Begge stadene var det annonsert Naturlostur etter gudstenesta, og tur er eit viktig element.

Gjennom fleire år har ein også lagt til rette for å ha kyrkjetrintrurar i samband med gudstenester i kyrkjene. Dei siste åra har det ikkje vore kyrkjetrim.

Det kjem ikkje alltid så mange på desse kyrkjetrintrurane, men det er likevel eit fint tilbod til dei som vil og kan.

I påska blei det som tidlegare år gjennomført ei rekke gudstenester og andaktar rundt i kommunen. Bård Egil Dyrhol var påskeprest i Øvre Sirdal i år. Han og familien hadde som vanleg base i Kvævemoen kapell. Bård Egil hadde mellom anna ansvar for andakten skjærtorsdag i Ålsheia, påskevandringa langfredag og familiesamlinga påskeaftan i kapellet. For fjerde år på rad var det gudsteneste i kapellet 1. påskedag kl 11.00. Dette fungerte veldig bra også i 2019, med godt oppmøte. Det var mykje folk tilstades i Ålsheia og på familiesamlinga utanfor kapellet, men nokre færre var det på enkelte andre arrangement i påska. Det er ei felles forståing at det skuldast at det var lite snø.

Aktivitetsdagen på Kvævemoen påskeaftan blei ein flott dag, og det kjem stadig fleire til dette arrangementet, men altså ein del færre i år. Dette ser ut til å vere ein tradisjon som har livets rett. Kyrkjeverja har vore koordinator for alle tilboda denne dagen og hatt ansvaret for at det vart kunngjort i Kyrkje og kultur m.fl.

Også andakten Hanne Fodstad heldt i samband med skirennet på Joddal påskeaftan, samla mykje folk. Tore Haughom var også i 2019 andaktshaldar på Raubestøl og Rypekro på Øksendalsheia, og her var også oppmøtet som vanleg godt. Stor takk til både andaktshaldarar og påskeprest for innsatsen!

Haustagfestane samlar også mykje folk, og også i år kom det inn mykje pengar til Kirkens Nødhjelp sitt arbeid gjennom auksjonane etter gudstenestene.

## B. Kyrkjemusikk

Mål:

- *At vi prioritærer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Ragnhild Maria Sandvik er dirigent for **Tonstad barnekor**, utleidt frå kulturskolen (SMoK). Dette er ei ordning vi er svært glade for å ha. Koret deltok på sju opptrednar/ gudstenester, også saman med blandakoret.

Dei framførte julespelet på Sirdalsheimen veka før jul. Det var opna for at tidligare medlemmer kunne vera med, og det var stor interesse for det, noko som var svært gledeleg. Koret har hatt 10-12 medlemmer. Øvingstidspunktet blei endra i år, og ein var spent på om det ble tatt godt i mot, men det viste seg å fungere godt.

**Sirdal Soul Children** blei lagt ned våren 2019 då May Tone Joddal sluttar som er dirigent for koret. Koret blei starta hausten 2017. Det var åtte faste medlemmer. Målgruppa er 5.-10.klasse.

Anne Berit og Inger Solveig har hatt ansvar for **babysong**, men det har dessverre ikkje vore mogleg å få frivillige til å vera med, difor har det ikkje vore noko fast i Tonstad kyrkje. Det har kun vore sporadisk, og då er det ikkje så mange som nyttar seg av tilboden.

**Barnekoret i Kvævemoen kapell** ligg nede fordi det ikkje har vore interesse.

**Sirdal blandakor** har hatt eit normalt år. Koret arrangerte også i år «Vi syng jula inn» i Tonstad kyrkje, og der deltok også vokalgruppa frå kulturskolen (SMoK). Blandakoret song som vanleg, saman med Tonstad barnekor, på adventsamling i Tonstad kyrkje 1. søndag i advent. Dei song og på ein kulturveld på kulturhuset, og arrangerte saman med Lund menighetskontor og to amerikanske artistar ein gospelkonsern.

Kora og alt dei bidreg med er særsviktig for kyrkjelydsarbeidet vårt, og vi er svært glade for dei tilboda som fins!



## C. Undervisning – barn og ungdom

Mål for perioden:

- At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring

### Lokal plan for trusopplæring

Me er godt i gang med å bruke trusopplæringsplanen som verktøy for trusopplæringa, men av ulike grunnar er planen stadig i endring. Skuleåret 2018/2019 var Anne Berit Frøysnes ansatt som 50% kyrkjelydsarbeidar. Dette skuleåret gjekk me i gang med fleire nye trusopplæringstiltak. Anne Berit søkte permisjon for skuleåret 2019/2020, og me fekk ingen faste på plass før Birgitta Tjørhom starta i januar 2020. Dei fleste trusopplæringstiltaka vart likevel gjennomført som planlagt også hausten 2019, men babysong har ikkje vore i drift.

Me sender helsing i posten til alle som har 1-års og 2-års dåpsdag. 3-åringar blir invitert til Krøllekveld i kyrkja, og i 2019 var det bra oppmøte på krøllekvelden. 4-åringarane var invitert på Påskefest som vanleg og fekk barnebibel der. Nytt i 2019 var at me inviterte 5-åringar til Pinsefest i kyrkja rett før pinse. Her lærte dei om pinse, og me hadde bursdagsfest for kyrkja med ballongar, kake, fisking av godteposer fra galleriet, halen på grisene og utdeling av boka «Fest på slottet». Dette var stor suksess! 6-åringane blei invitert på hausttakkefest og førebuing på fredagen som før, og dette fungerte fint. 7-åringane hadde samling ein fredag, og deltok og fekk bok på gudstenesta på sundagen. På grunn av flytting frå haust til vår hadde me to tårnagenthelger for 3.klassingar i 2018, og ein nå på nyåret i 2020, så difor ingen tårnagenthelg i 2019, men alle kulla har blitt invitert på tårnagenthelg og det har vore bra oppslutning, og kjekke opplegg.

Mars 2019 inviterte me 4.klassingar til førebuing av gudsteneste og deltaking i gudsteneste. Sjølv om det var kjekke samlingar, så har me landa på å gjere det annleis framover. For å variere trusopplæringstiltaka

våre, så blir det heller ein tur til Øysteinshedlaren på Tjørhom med grilling på bål og utdeling av gripekors for 4.klassingane framover.

Inger Solveig var inne i 5.klasse i 4 skuletimar og hadde «Vandring gjennom bibelen», som er eit skule-kyrkje-samarbeid. Kort tid etter dette var dei invitert til gudsteneste for å få det nye testamentet. Her viste dei fram bibelvandringa.

I november hadde me «Lys vaken» for alle dalens 6.klassingar i Kvævemoen kapell. Her var alle 6.klassingane frå Sinnes skule med, men det var dårlig oppslutning frå Tonstad skule. Det var likevel ei kjekk helg der Birgitta var med sjølv om ho ikkje hadde starta i jobben ennå. Torger Åge Sinnes er og med som fast hjelpar og nattevakten den helga, og det fungerer strålende!



Sundagsskuletilbodet på vanlege gudstenester i Tonstad kyrkje har gått litt trått fordi me manglar frivillige. Me vurderer litt frå gong til gong om me har ressursar til det.

**Hallowen** er blitt eit populært tiltak som alternativ til Hallowen-feiring den 31.okt. I år var det 95 born og 70 vaksne påmeldt. Me har funne eit konsept som fungerer fint, der me startar i festsalen i kulturhuset med samling med andakt. Alle borna får bingobrett på veg inn, etter samlinga kan dei gå fritt rundt på ulike postar og skaffe seg klister til bingobretta. Det er ulike aktivitetar på postane. Hobbyaktivitetar, teikning, hoppeslott, hinderløype, nerf-pistol, hale på gris og fleire med. Når bingobrettet er fullt kan dei hente seg pølse og fiske godtepose. Me har fått gode tilbakemeldingar på opplegget.





**Sirdal Soul Children** har ikkje vore i drift sidan mars/april 2019. Fyrst var May Tone sjukmeldt, og så vart det bestemt at det ikkje skulle startast opp att hausten 2019.

**Konfirmanter:** I 2019 var det 18 konfirmantar i Tonstad kyrkje, og 2 i Øvre Sirdal. Me var på KonfAction i Bø. Dette var ei stor og flott oppleving for både konfirmantar og leiarar. Ingve Nord-Varhaug og Inger Solveig reiste med dei. Skuleåret 2019-2020 er det 14 konfirmantar frå Tonstad skule og 4 frå Sinnes skule. Me har valt å ha all undervisning felles i år. For at logistikken skal gå opp på best mulig måte har me ein del samlingar på Tjørhom grendehus. Då kan konfirmantane ta skulebussen rett etter skulen både frå Sinnes skule og frå Tonstad skule, så møtes me på Tjørhom.



**Trafo** har hatt litt nedgang i antall oppmøtte i haust, men likevel har det vore god stemning og ein kjekk og trygg gjeng kvar gong. Me har mista dei eldste, men det gjer at 9.klassingane føler litt meir eigarskap til trafo og har engasjert seg på ein annan måte i styret. Me har hatt ulike turar både i nærmiljøet og til Gautefall, Lyngdal og Evje. Det er fortsatt stabile vaksne medhjelparar som stillar opp når dei kan. Skulle gjerne hatt nokre fleire hjelparar å spele på. Me har framleis givarteneste retta inn mot trafo. Takk til trufaste givarar og stor takk til dei vaksne som gjer arbeidet.



**Sprell levande** i Kvævemoen kapell har hatt nok eit godt år med omkring 10 born frå 4 år og oppover. Det er seks samlingar kvart semester. Samlingane varer ein times tid, og inneholder både bibelforteljing, song, mat og aktivitetar. Arbeidet vert leia av Bjørg Hilde Fidjeland og Birgitta og Anders Tjørhom. Dei gjer ein fantastisk innsats.

## D. Givarteneste

Totalt kom det inn på givartenesta til TRAFO på kr. 10.300.

## E. Diakoni og misjon

### Mål for perioden

- At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelyden.
- Arbeide for å gje eit godt kyrkjeleg tilbod til turistane
- Følgje opp måla i plan for grøn kyrkjelyd

### Misjon/internasjonalt engasjement

Kyrkjelyden støtter to ulike misjonsprosjekt, og soknerådet vedtok hausten 2017 å støtte desse to prosjekta i ein ny femårsperiode. Det eine prosjektet er gjennom Misjonsalliansen. Centro Creer i **Ecuador** er eit diakonalt senter for funksjonshemma born i storbyen Guayaquil. Misjonsforeininga i Øvre Sirdal støtter også Centro Creer.

Det andre prosjektet er eit arbeid NMS driv blant nordafrikanske immigrantar i **Spania**.

**Fasteaksjonen** til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del av kyrkjelyden sitt internasjonale engasjement. Det kom inn om lag kr. 32.000 som er ein nedgang på ca. kr. 4.000 frå året før. Konfirmantane og deira medhjelparar gjer ein fantastisk innsats kvart år.

### Diakoni og eldrearbeid

I september var det igjen Tro og Lys-gudsteneste i Tonstad kyrkje. Dette er ein årleg tradisjon, der diakoniutvalet tek ansvar for å stelle i stand fest på «Møteplassen» i Litlemohagen i forkant av gudstenesta. Desse familie-gudstenestene er opne for alle.

Diakoniutvalet delte også i 2019 ut ei gåve til alle jubilantar som fylte 75, 80, 85, 90, 95 og 100 år. Dei får

anten songboka Syng Med, ein bordkalender eller blomar. Mange set stor pris på denne helsinga.

Mange set òg pris på den årlege tradisjonen med å innby alle som blei konfirmert for 50 år sidan til



gudsteneste i Tonstad kyrkje og middag etterpå. Mange 50-årskonfirmantar møtte opp, og det blei ei flott markering.

#### Grøn kyrkjelyd

Sirdal kyrkjelyd er grøn kyrkjelyd, og har eit særskilt ansvar for å vere ein god forvaltar også for naturen rundt oss. Miljøvenleg reinhald i bygga våre er eit viktig tiltak. Arbeidsgruppa organiserer fast spalta «Miljøtipset» til bladet Kyrkje og kultur. Dette året har Sven Sandvik vore fast skribent og kome med mange gode tips.

#### F. Kultur

Kulturutvalet held fram med å arrangere ein **kulturveld** kvart semester på kulturhuset. I vår inviterte dei til kulturveld med Arnt Olav Klippenberg, som kåserte om «Livet er ikkje det verste man har». Meir enn 60 personar var til stades. Denne hausten inviterte dei Hein Steinskog, som hadde som tema «Urhistoria, slik vi finn henne i fyrste Mosebok». Det var opplesing, musikk og song av Sirdal blandakor. Fantastisk flotte tilbod frå kulturutvalet. Takk til alle involverte.



Kyrkjelyden var også i år godt synleg under **Energifestivalen** i Sirdal, som gjekk av stabelen i juni. Det var stand i hagen ved Kyrkjesenteret, eit svært banner med bibelforteljingar frå skapinga til den nye himmel og den nye jord, og sjølvsagt servering av kaffi, saft og vafler. Det blei ein flott dag, og stor takk til frivillige.

#### G. Felleskyrkjeleg arbeid

Syskenringen har representantar frå dei ulike kyrkjesamfunna i Sirdal samt organisasjonane på bedehuset, og er eit viktig samarbeidsorgan. Fylgjande arrangement vart halde i regi av Syskenringen: Sprell levande-samlinga på Eliastunet i mai, 2. påskedag i Haughom kapell, adventsamlinga på Tonstad som startar med julegrantenning på Eliastunet, og midnattsmessa på nyttårsaftan.

#### H. Samarbeid med skule og barnehage

Til saman har det vore 7 besøk av barnehage og skule utanom gudstenester. 5.klasse ved begge skulane har fått utdelt nytestamentet Godt nytt, og Inger Solveig Høyland har halde kurset «Vandring gjennom Bibelen» med dei. Dette har skapt stor begeistring i klassane, og dei gler seg verkeleg til desse timane. 4. klassingane vart invitert til Kvævemoen kapell og Tonstad kyrkje for å sjekke ut kyrkjerommet.

3-5 åringane var før jul dette året med på julevandring i Tonstad kyrkje og i Kvævemoen kapell.

Samarbeidet mellom kyrkje-skule og kyrkje-barnehage er godt, og planane for dette samarbeidet vert følgd opp.

#### I. Informasjonsarbeid

Informasjonsarbeid er eit viktig område. Bladet «Kyrkje og kultur i Sirdal» kom med fire nr også i 2019. Det kjem gode tilbakemeldingar på bladet. Bladet er eit samarbeid med kulturkontoret i kommunen. Kulturkontoret reduserte antall sider for å spare pengar.

Det er viktig å oppdatere heimesida [www.sirdal.kyrkja.no](http://www.sirdal.kyrkja.no), for at folk ikkje skal miste interessa. No er det blitt meir vanlig at vi legg fleire hendingar ut på Facebook (fb), det viser seg å vere ein god måte å nå folk på, også påmeldingar til nokre tiltak går på fb. Staben freistar å oppdatere sida jamleg. Meir og meir kunngjerast på kyrkja si fb-side. Den statiske informasjonen, så som kontaktinformasjon, kalender, info om arrangement osv., skal i alle høve vere oppdatert. Fb-sida til kyrkjelyden heiter [www.facebook.com/kyrkjasirdal](https://www.facebook.com/kyrkjasirdal). Dess fleire som trykker «like» på denne sida og inviterer venene sine til å gjere det same, dess fleire når vi ut til med informasjon. Gjennom fb-sida når vi ut til nye grupper.

Men for å gjøre det, er vi også avhengig av at mange bidreg med å trykke «like», invitere og dele det som vert lagt ut på sida. Ein kan også vurdere anna sosiale medier.

Ein annan viktig informasjonskanal er SMS-varsling. Dette er mykje nytta i konfirmantarbeidet, men også i

nokon grad mot vaksne. I ungdomsarbeidet har fb lenge vore brukt som ein viktig informasjonskanal. Kyrkjekontoret leverer dessutan notisar til avisar Agder i samband med spesielle gudstenester og andre arrangement. Ved større hendingar sender vi også pressemelding til NRK.

## 5. Rekneskap

Nøkkeltal frå rekneskapen	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Driftstilskot, kommune	2850000	2994000	3202000	3298872	3380000	3240000
Tilskot andre driftstiltak	0	200000	200000	200000	200000	200000
Tilskot frå staten	97211	178515	137000	158.500	153181	177389
<b>Bundne driftsfond</b>						
Bunde driftsfond trusopplæring	90260	95710	95710	109929	95609	95609
<b>Disposisjonsfond</b>						
Restkonto Øvre Sirdal	35099	35099	35099	35099	35099	35099
Restkonto Tonstad	28816	26816	26816	26816	26816	26816
Disposisjonsfond drift	251147	562671	627146	181844	181844	523747
Disposisjonsfond trusopplæring, ny i 2017				50000	50000	50000
Driftsfond investering, ny i 2017				376640	376640	32391
Investeringsfond	939318	539318	368426	0	0	235000
Årets overskot/underskot:	<b>126524</b>	<b>117654</b>	<b>436641</b>	<b>580683</b>	<b>195131</b>	<b>220669</b>
Ofringar til andre organisasjonar inkl. misj.pr	194369	217839	184661	169281	145911	147330
Innsamling til Fasteaksjonen	45879	45650	35196	46665	36696	32396
Offer til kyrkjelydsarbeidet	26282	16715	28860	34900	30742	35920
Kollektar ved konsertar	3353	0	0	4422	8601	7596
Givarteneste	23000	47200	61.000	13600	13000	10300

Tabellen viser utviklinga av tilskot, frie midlar (fonda), overskot/underskot og offer/gåver/innsamla midlar dei siste åra.

Mindreforbruket skuldast i hovudsak tre forhold:

- Sjukepengerefusjon for fast stilling. Vikarbehovet blei mindre, noko som skuldast at det blei mindre behov for vikarar til gravferder da det var en reduksjon frå 18 (2018) til 10 (2019). Dette var det lågaste på fleire år, og nesten ei halvering, samt også noko meir behov for vikar til enkelte gudstenester. Behovet for vikar blei delvis dekkja av vikar på pensjonistlønn.
- Ein fast tilsett hadde permisjon frå si stilling (50%) i eitt skuleår, men det lukkast ikkje å få ein vikar siste halvår av 2019.
- Inntekter frå festeavgifta blei høgare enn budsjettet, men det blei likevel eit underskot på kyrkja sin drift **43 Kirkegårder**.

Det er utfordrande å budsjetttere pensjonsutgifter då reguleringspremien kan variere mykje frå år til år. Budsjettinger av inntekter på festa kan gje utfordringar på annan drift. Talet på gravfester som forfall til betaling årleg kan variere med opptil hundre tusen kroner frå eitt år til året etter. Det har også mykje å seia kor mange som seier opp gravfestet.

Utgiftene på **43 Kirkegårder** gjekk med et underskot på kr. 152.760 som var omlag som i 2018. Underskotet må dekkast inn av kommunens årlege tildeling til kyrkja!

Det blei også gjort oppgradering av Tonstad kyrkje innvendig og utvendig, vatn, avløp og straum samt ny innreiing. Det har vore takettersyn på Haugom kapell.

For året 2019 blei tilskotet redusert med kr. 200.000. Det har blitt kompensert for løns- og prisvekst, men drifta måtte takast ned. Kommunen blei orientert hausten 2019 om viktigeita av å ikkje redusere ytterlegare i 2020. Det blei likevel redusert med ytterlegare kr. 100.000.

Kostnadene ved å drifte eit offentleg forvaltningsorgan som kyrkja er, er betydelege. Nesten alt er faste kostnader. Takkeoffer: Det er ikkje store endringar frå 2018.

#### 43 Kyrkjegardar:

Kommunal tenesteyting vedrørande gravplassane var kr. 1.1 mill. i 2019. Beløpet kjem fram som utgift og inntekt i rekneskapen og har ingen betydning for kyrkja sin drift.

Investering:

Arbeidet med HC tilgang til kyrkjer og servicebygg blei påbegynt i 2019 og skal avsluttast i 2020. Rekneskapen viser at det så langt har kosta kr. 339.000 som blei finansiert ved bruk av fond. Totalt er det budsjettet med kr. 668.000. Ved årsslutt står det att ombygging av inngangspartiet ved Lunde kyrkje med den største kostnaden.

Sirdal kommune vedtok i sitt budsjettmøte i desember 2019 at overføringa til kyrkja for bygging av nytt kyrkjesenter på kr. 2.0 mill blei tatt ut. Pengane blei ikkje overført til kyrkja. Dei er ikkje inne i 2020 budsjettet til kommunen, men står i økonomiplanen. Det er tvilsamt om dei blir tatt inn igjen, og kyrkja må nå be kommunen om å skaffe eigna kontorlokale slik dei er pålagt etter kyrkjelova, og da på leiemarkedet.

I 2019 blei det avsett kr. 235.000 til nytt kyrkjesenter.

## 6. Framtidsutsikter

Vi er svært glade for at rekruttering til ulike ledige stillingar har lukkast. På nyåret fekk me også tilsett kyrkjetenar i Haughom kapell. Alle stillingar er besatt, og det gir godt grunnlag for å gjera ein god jobb med et bredt spekter av oppgåver, samt å bidra til at dei frivillige kan oppleve å gjera ei meaningsfull teneste. Dei frivillige legg ned mykje tid, og nokre går ut av ein eller fleire tenester, og nokre nye kjem til.

Mange kyrkjelyder opplever markant nedgang i dåpstala. Særleg er det bekymringsfullt når dei som sjølv er medlemmer, vel å ikkje døype barna sine. Vi har ikkje merka mykje til dette så langt, men det kan fort skje endringar, både i dåpstala og talet på konfirmantar. Ein god måte å styrke kyrkjelyden på, er at alle som ønskjer at kyrkja framleis skal vere eit viktig «lim» i lokalsamfunnet og «lys og salt i verda», er trufaste med å kome til gudsteneste og frimodig oppmunstrar barn og ungdomar til å ta del i trusopplæring og anna barne- og ungdomsarbeid. Den beste måten å ta vare på noko er å bruke det. Det gjeld i høgste grad også kyrkja. Det er viktig at kommunen sørger for tilstrekkeleg med overføringer for drift og investeringar slik at kyrkjene ikkje forfall. Mange har gode minner frå mange samanhengjer, og er stolte over og glade i kyrkjene sine.

Overføringer frå kommunen til drifta vart redusert i 2019. Kommunen tok også ut av budsjettet kr. to mill. til nytt kyrkjesenter. Soknerådet hadde bede om ytterlegare ein mill. Dette er nå sett på vent i kommunen, og ein må koma i dialog med kommunen slik at kyrkjesenteret kan tilfredsstille krav i Arbeidsmiljøloven og være tilgjengeleg for offentlegeheit slike loven krev.

## D. Mål for 2020-2023

- Oppfølging av vedlikehaldsplan frå 2011
- Få hensiktsmessige kontortilhøve for staben og ved Kyrkjesenteret
- Måling av Tonstad kyrkje
- Måling av Haughom kapell
- Måling av grunnmur Kvævemoen kapell
- Fullføre HC tiltak ved kyrkjene
- Nye vindauge u.etg. Kvævemoen kapell
- Vidareføre arbeidet med ENØK-tiltak i kyrkjene
- Installere supplerande varme i Haughom kapell
- Installere supplerande varme i Tonstad kyrkje
- Gravplassane skal vere gode stadar å vere for sorgjande og andre som ferdast der. Difor vil vi installere vatningsanlegg på dei to siste gravplassane, Kvævemoen og Haughom

## **E. Prioriteringar 2020**

- Arbeide vidare med nytt kyrkjesenter
- Fullføre HC tiltak ved kyrkjene
- Måling av Tonstad kyrkje utvendig
- Feste benkar i Haugom kapell
- Utføre ettersyn og reparasjon av tak
- Varmepumpe i Haugom kapell

-0-